Suldal kommune
Bygdeutvikling

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET

Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref	Vår ref	Saksbehandlar	Dato
26/4470-	2026/2890-2	Torill Telstad	14.10.2026

Innspel til arbeid med ny stortingsmelding om villaks, sjøørret og sjørøye

Suldal kommune er vertskommune for det nasjonale laksevassdraget Suldalslågen og har viktige sjøaurebestandar, samstundes som me har store regulerte vassdrag. Me sett derfor pris på at det no vert starta eit arbeid med å sjå på tiltak som kan styrke lakse- og sjøaure bestandar.

Styrka miljøforbetringar i regulerte vassdrag:
Suldal har lang erfaring med samspel mellom kraftproduksjon og villaksforvaltning. Gjennom vilkårsrevisjonar av eldre konsesjonar er det sett krav til regulantar om satsing på miljødesign, habitatforbetring og kunnskapsinnhenting.

Erfaringane frå Suldalsvassdraget syner at miljødesign og målretta habitattiltak kan gi betydelege miljøgevinstar i regulerte vassdrag. Suldal kommune meiner derfor at stortingsmeldinga bør leggje til rette for at slike tiltak vert tekne i bruk i større omfang nasjonalt.

Kommunen meiner vidare at det bør stillast strengare miljøkrav i samband med vilkårsrevisjonar og gjennom bruk av naturforvaltningsvilkår. Det bør også vurderast om regulantar i større grad kan påleggjast kompenserande tiltak i andre delar av vassdraget enn der sjølve reguleringa skjer.

Samordning med arbeidet etter vassforskrifta:
Suldal kommune meiner at den nye stortingsmeldinga bør sjåast i nær samanheng med arbeidet etter vassforskrifta og dei regionale vassforvaltningsplanane. For mange lakse- og sjøaurevassdrag er miljømåla etter vassforskrifta eit viktig grunnlag for å identifisere behov for restaurering, miljøforbetring og andre avbøtande tiltak.

Kommunen meiner at stortingsmeldinga bør bidra til betre samordning mellom villaksforvaltninga, vassforvaltninga og andre sektorar som påverkar vassmiljøet. Dette vil kunne sikre meir målretta prioritering av tiltak og betre utnytting av offentlege ressursar.

Styrka kunnskapsgrunnlaget om sjøauren:
Mange sjøaurebestandar er dårleg kartlagde. Samstundes er fleire bestandar under press frå fleire påverknadsfaktorar.

Suldal kommune meiner at kartlegging, overvaking og forsking på sjøaure må styrkast, slik at forvaltninga får eit betre grunnlag for målretta tiltak. Særleg bør ein prioritere overvaking av små vassdrag og sidebekkar som har stor verdi for sjøauren.

Restaurering av sidebekkar:
Gode gyte og oppvekstområde er avgjerande for både laks og storaure. Habitatforbetrande tiltak i sidebekkar bør derfor omtalast som eit viktig tema i stortingsmeldinga.

I tillegg til sidebekkar i laksevassdrag er det viktig å gjennomføre tiltak i sjøaurebekkar og mindre vassdrag med utløp til sjø. Mange av dei viktigaste gyte- og oppvekstområda for sjøaure finst nettopp i slike vassdrag, som ofte får mindre merksemd enn dei store laksevassdraga.

Stortingsmeldinga bør derfor leggje vekt på kartlegging, vern og restaurering av sidebekkar og mindre vassdrag som viktige leveområde for anadrome laksefisk.

Lokal verdiskaping knytt til villaks:
Laksen er viktig i Suldal, både for reiselivet, elveeigarar og fiskarar. Det vert derfor viktig at stortingsmeldinga anerkjenner villaksen som grunnlag for det naturbaserte reiselivet i kommunar med store laksevassdrag. Dette kan til dømes gjerast gjennom ordningar som gir støtte til forvaltningstiltak.

Klimatilpassing:
Unaturlege vasstemperaturar er dei siste åra komen fram som ei mogleg utfordring i Suldalslågen (varme vinter temperaturar og kalde sommar temperaturar på grunn av vassdragsregulering). Klimaendringar med høgare vasstemperaturar og tørkeperiodar er ein faktor som kan forsterke denne problemstillinga og bør omtalast.

Havbruk og fiskeforvaltning:
Det er gitt signaler på at alt som skjer i sjøen ikkje skal vurderast i denne stortingsmeldinga. Suldal kommune meiner at oppdrett og fiske i fjorden er ein viktig faktor for utviklinga av gode lakse- og storaurebestandar og må takast med som eit tema.

Oppsummert meiner Suldal kommune at den nye stortingsmeldinga må leggje vekt på:

- restaurering av gyte- og oppvekstområde i både laksevassdrag, sidebekkar og sjøaurebekkar,
- auka satsing på habitatrestaurering som eit av dei viktigaste tiltaka for å styrkje bestandane av villaks, sjøaure og sjørøye,
- styrking av miljødesign og habitatforbetring i regulerte vassdrag,
- strengare miljøkrav gjennom vilkårsrevisjonar og bruk av naturforvaltningsvilkår,
- kartlegging, overvaking og kunnskapsoppbygging om sjøaurebestandane,
- klimatilpassing i vassdrag med anadrome laksefisk,
- ei heilskapleg tilnærming til alle påverknadsfaktorar gjennom heile livssyklusen til fisken, inkludert påverknad frå sjøfasen,
- at miljømåla etter vassforskrifta vert lagde til grunn for prioritering og gjennomføring av tiltak i lakse-, sjøaure- og sjørøyeførande vassdrag,
- betre samordning mellom villaksforvaltninga og arbeidet med regionale vassforvaltningsplanar,
- og tilstrekkelege ressursar og verkemiddel til kommunar som forvaltar nasjonalt viktige bestandar.

Målet må vere å sikre levedyktige bestandar av villaks, sjøaure og sjørøye gjennom konkrete tiltak som gir målbare miljøforbetringar i åra som kjem.

Med helsing

Torill Telstad
Rådgjevar